



# Kviteseid misjonsmenighet

## MISJONSFORBUNDET

### Til stades:

Oddvar Hægeland (2017-2018)  
Øystein Kvamme (2017)  
Sigrid T. Lofstad (2017)  
Sigrun Lønning Solvang (2017-2018)  
Mari Songe (2017-2018)

Kviteseid, 8. mars 2017

## Referat frå styremøte onsdag 8. mars 2017 kl. 1800

Opning ved Øystein med stykket for dagen i En helt overkommelig bibel (Salme 21).

**Sak 6/17: Godkjenning av referat frå styremøte 11. januar 2017**  
Referatet blei godkjent utan merknader

**Sak 7/17: Konstituering inkludert rutine kva vi gjer når kasserar ikkje er på møta**  
Vedtak: Møteleiar får med seg ein som tel opp kollektten. Vidare skal møteleiaren følgje opp det som står under.

Rutine kollekt:

Få tak i ein person til, tel opp, skriv i kvitteringsboka beløp og dato og signer (begge personane), legg pengane i ein konvolutt og skriv beløp og signer ute på konvolutten. Kasserer skal ha konvolutten så fort som det er mogleg.

Rutine honorar til talarane:

Viss kasserar ikkje er til stades på møtet, må møteleiar snakkar med talaren og gir eit ark med info korleis dei skal gå fram for å sende rekning. Arket inneheld kontaktopplysingar til kasserar og inneheld vidare opplysingar om honorarsatsane og satsar for køyregodtgjering. Kasserar utviklar arket (Sigrun tar kontakt).

Rettleiinga for sundagstreffa blir oppdatert med desse to rutinane (Oddvar gjer det).

Roller i styret:

Sekretær: Oddvar  
Kontaktperson for kyrkja: Sigrid

Vi har framleis ikkje ein definert leiar i styret, men deler på ansvaret.

Oddvar oppdaterer styreinfo og vedtekter i Brønnøysund.

**Sak 8/17: Oppsummering av årsmøtet**

Vi las referatet høgt og tar med oss vidare dei sakene som årsmøtet ba styret om ta ansvar for.

**Sak 9/17: Fellesmøta**

Sigrid orienterte frå fellesmøtekomiteen. Møtehelga er 21-23. april. Fredag kl. 19 og laurdag og sundag kl. 17. Det blir ikkje endringar i ansvarsrulleringa (vedtekten). Betel har ansvar for leiinga. Sigrun leier laurdag og sundag. Sigrid leier fredagsmøtet.

Styret ønsker at lovsongsbandet er med på laurdags- og sundagsmøtet.

Fellesmøtekomiteen arbeider med dette. Det er ei utfordring med songkrefter.

Det er bønemøte for fellesmøta onsdag 5. april kl. 1930 på Betel.

Betel har ansvar for barnepass på laurdagsmøtet. Det bør vere to. Styret spør på neste sundagstreff (under opplysingar).

**Sak 10/17: Eventuelt og info**

Årsmelding Fredagsklubben:

Sigrid las årsmeldinga og styret tok ho til vitande.

Middag for langveisfarande talarar:

Innspel frå Sigrun. Skal vi invitere talarane våre på middag? Vedtak: Styret vil i forkant av kvart semester fordele ansvaret slik at vi tar ei gong kvar. I vår: 30/4 Kjell Birkeland får tilbod om middag hos Songe.

Ansvarleg for annonsering:

Ove Lofstad har sagt frå seg ansvaret for annonseringa. Mari tar over ansvaret for eitt år.

Besök frå Åpne Dører:

Vi har fått brev frå Åpne Dører om at dei har lyst å kome til oss. Vi sender førespurnaden vidare til sundagstreffkomiteen som avgjer om dei vil passe inn eit slikt besök i programmet.

Godhetsveka:

Sigrid orienterte om at ho legg ut liste på Betel der ein kan skrive opp kva for oppgåve ein kan tenkje seg. Dato: 8-13. mai med felles gudsteneste 14. mai. Vi minner om dette på sundagstreffa framover.

Det er sendt ut brev der godhetsvekekomiteen ber om 2000 til arbeidet.

Styret vedtok å overføre dette. Sigrid ber kasseraren om overføre dette beløpet.

Neste møte er onsdag 3/5. Mari stiller med kaffi og Sigrun med opning.